



**Ein av dei 12 deltakarane i Aconcagua-ekspedisjonen, der Morten Nilsen deltek, måtte trekkje seg på grunn av vedvarande høgdeproblem. Ein annan har oppsøkt lege i basecamp på grunn av problem med eit auge, men han kjem truleg opp att.**

Ellers blir det opplyst frå ekspedisjonen at dei no har deponert utstyr i camp Nido som ligg 5.560 meter over havet og at dei imorgon vil flytta opp dit,

Veret er framleis bra, men det er kaldt sjølv om det er midt på sommaren i Argentina/Chile. Om natta er det under minus 10.

Over er eitt av dei første bileta som ekspedisjonen har sendt frå den lange marsjen oppover.